

## Periferifestivalen

### **Om Periferifestivalen**

Periferifestivalen er ein musikkfestival som arrangerast årleg på kaia på handelstanden Glesvær, på Sotra, ei helg mot slutten av august. Periferifestivalen blei arrangert første gong i 2007 og har tiårs jubileum til neste år. Periferifestivalen har som hovudmål å vere ein formidlar av god musikk. Musikken som blir tilbydd gjestane skal vere av ein viss breidde og programmet har over alle år gjenspeglar både lokale, nasjonale og utanlandske artistar, frå godt etablerte namn til uslipte diamantar.

Vi har tre scener på festivalen. Ei stor utandørs scene som kan ta maks festivalkapasitet på 2500 menneske, ei mindre utandørsscene med idyllisk plassering ut mot sjøen, og ei scene inne i eit naust. På naustscena har det blitt servert fantastiske perlar sidan 2007. Her får publikum sett artistane i heilt andre versjonar enn det dei er vant til, gjerne akustisk og gjerne utan band. Det er også eit ønske å gje våre gjestar musikalske overraskningar. Enten ved at dei oppdagar nye artistar, eller at dei får sjå artistar dei kjenner i nye settingar og format. Det er t.d. ikkje uvanleg at artistar på Periferifestivalen inviterer med seg gjesteartistar på scena, ofte nokon av dei andre som skal spele på festivalen. Dette er eit direkte resultat av at mange av artistane er frå Bergensområdet, og av den grunn kjenner kvarandre godt.

Leiinga av festivalen har vert den same sidan starten, med kun nokre endringar i festivalsjefrolle og organisasjonsstruktur etter kvart som festivalen har vakse. Både leiing og hovuddelen av organisasjon har bustadadresse i Bergen og jobbar til dagen i kulturrelaterte stillingar. Det er ein imponerande kompetanse i organisasjonen, og det er nok mykje av grunnen til at festivalen har hatt suksess og ein sunn økonomi heilt sidan starten.

Festivalen er opptatt av å ha eit strømlinjeforma visuelt design. Vi har derfor ein eigen festivalkunstnar som har ansvar for den kunstnariske profilen på Periferifestivalen. Heidi Fjell har vert med å starte festivalen og har sidan starten utvikla både den grafiske framtoninga og områdedesignet. Det kunstnariske utsynet går att i alt frå nettside, merch, programhefte, salsboder og den generelle framtoninga av sjølve festivalområdet. Når man besøker Periferifestivalen skal man kunne føle at man er tilstade. Festivalen har ein klar strategi om å ikkje ha logoprofilering på festivalområdet. Det er av den grunn ingen forstyrrande element, og dei som er ansvarleg for design av området har muligkeit til å jobbe heilt fritt for å få eit så heilhetlig uttrykk som muleg.

Mat er høgaste grad kultur, og matprofilen er ein viktig del av heilhetsbildet. Periferifestivalen er ein sjømatfestival og all mat som serverast eller seljast under festivalen er frå havet. Med gode lokale leverandørar og samarbeidspartnare får vi jobbe med fantastiske råvarer og vi er stolte av å kunne sei at vi produserer maten frå botnen av.

Som eit eige sideprosjekt arrangerast også Periferikonferansen på Glesvær dagane før festivalstart. Konferansen skal vere ein fri arena for spørsmål kring samfunns-, nærings- og kulturutvikling for Hordaland og Vestlandet og trekkjer kvart år til seg representantar frå akademia, næringsliv, politikk, kultur og samfunnsliv med interesse for framtida til Vestlandsregionen og norsk samfunnsutvikling i eit sentrum periferiperspektiv.

For meir informasjon om Periferifestivalen gå inn på [www.periferifestivalen.no](http://www.periferifestivalen.no) eller bli ven med oss på Facebook og Instagram.

### **Føremålet med Periferifestivalen**

Utsnitt frå tuftene:

*«Stiftelsen Periferfestival har som hovudmålsetjing å vere ein formidlar av god musikk. Festivalen har ambisjon om å markere seg, regionalt og, nasjonalt, men i større grad på stemning, scenario og kvalitet enn på store headliners og massetilstrøyming. På ein akse mellom det folkelege og det finkulturelle plasserer festivalen seg i midten men mot det meir særskilte. Periferfestivalen tek mål av seg å vere ein festival som ligg i front når det gjeld å introdusere nye band, konsept og sjangrar.. Muligkeitene som naturen gjev skal utnyttast og det er opna for samarbeide med grupperingar innan underhaldnings - og fritidssektoren som gjer nytte av denne på ein innovativ måte. Periferfestivalen har ein målsetnad om å vere ein kanal for kulturell utveksling i Vestsnorden. Festivalens målform er og skal vere nynorsk mot den norske marknaden.»*

Dei opphaveleg tuftene ligg framleis i oss som ein ryggmarg når vi no er i gang med å organisere festival på 9. året på rad. Periferfestivalen har framleis som føremål å presentere god musikk i eit unikt festivalmiljø. Festivalen skal gje gjestane sine ein fullkommen oppleving der man får kjensla av at ingenting er tilfeldig. Under planlegginga speler t.d. val av musikk, mat og stemningsuttrykk like stor rolle. Vi opplever til stadigheit at gjestane våre kjem tilbake på grunn av det unike inntrykket og stemninga festivalen gjer, og det er nettopp det som er føremålet vårt.

I tillegg til å gje gjestane eit komplett kunstnarisk inntrykk, er også Periferfestivalen særslig oppatt av å fremme og utvikle lokal kompetanse og musikk. Periferfestivalen jobbar aktivt med artistar i Bergensområdet og er ofte med på å etablere nye samarbeid på tvers av etablerte grupper/ artistar og bruker nøkkelpersonell frå det Bergenske kulturliv i alle ledd i organisasjonen.

Kort sagt er føremålet med Periferfestivalen å gje publikum ein optimal festivalopplevelsing ved å invitere til et innbydande område, god mat, fantastisk musikk og kulturelle overraskningar i nydeleg natur.

## **PERIFERI UNG**

### **Kunstnarisk føremål**

Periferfestivalen har sidan 2007 utvikla seg til å bli ein stabil og sentral aktør i Hordaland. Festivalen har brukt mykje ressursar på kople den tradisjonelle kystkulturen på Sotra med ei meir moderne og framtidsretta forståing av kulturell identitetsutvikling, og har langt på veg nådd ambisjonen om å bli eit kulturelt fyrtårn for region vest. Ambisjonen om å vere en festival for heile Bergensregionen, inkludert bypublikumet, er også nådd, slik har festivalen fått til ei positiv kopling mellom sentrum og periferi på periferien sine premissar. Festivalen har ein sterk profil, eit godt nettverk og ei djup forankring både hos eit stort publikum og sentrale institusjonar på Vestlandet.

På Periferi Ung skal det presenterast fire pop eller rock-band/artistar tidleg i kariera saman med eit eller to etablerte band/artistar. Alla acts skal ha ei tydeleg kopling med Periferfestivalen sin generelle kunstnariske profil og kulturelle målsetning.

### **Prosjektbeskriving**

Periferfestivalen vert avvikla 21. & 22. August. På dagtid 22. august vert Periferi Ung avvikla som ein sjølvstendig produksjon med, for og av ungdom i ei profesjonell råme. Periferi Ung vert avvikla på ei eiga dedisert scene.

Periferi Ung er ein eigen festival i festivalen for unge. Dette er viktig for Periferifestivalen fordi det i Noreg generelt og i periferien spesielt er det svært lite rusfrie arrangement av høg kunstnarisk kvalitet for unge under 18 år. Vidare er dette ein viktig rekrutteringsarena til festivalen og musikkmiljøet i Region Vest. Prosjektet bygger identitet og eigarskap til festivalen både gjennom musikalsk profil og ved at ungdom deltek i avviklinga

Periferi Ung har eksistert i fire år, og er relativt godt etablert blant unge i Region Vest. I 2015 ynskjer vi å heve kvalitetsnivået ytterlegare og søker difor finansiering for å realisere dette. Kvalitetsnivået vil bli heva ved å booke fleire artistar, i dette vert det inkludert ein eller to artistar av nasjonalt format. Det er viktig å understreke at alle artistar på Periferi Ung har fått og skal utbetalast honorar.

## **Periferi Ung heile året**

Festivalen jobbar med dette prosjektet heile året gjennom. Saman med Sund Rock Clubb og MOT jobbar festivalen målretta for motivere og auke kompetansen blant artistar og ungdommar til å opptre på ei scena. Samstundes driv ein oppsøkande verksemd for å finne talenta innanfor planlegging og avvikling. Ved å jobbe med dette heilårleg ynskjer vi å få til både større deltaking frå unge og erfaringsoverføring på arrangementskompetanse frå Periferifestivalen til unge i regionen.

Periferi Ung er en egen satsing for ungdom under festivalen retta mot ungdom i alderen 12 til 18 år. Periferifestivalen vil utvide tilboden til dei unge ved å lage eit arrangement utanfor festivalperioden og i andre delar av regionen.

Arrangementet vil innehalde musikalske innslag frå ca 10 lokale band i aldersgruppa 12-18 år. 1-2 av disse banda vil få tilbod om spillejobb på PeriferiUng på den komande Periferifestivalen. I tillegg til innslag frå lokale band og artistar vil vi arrangere eit seminar med en aktør frå musikkbransjen. Dette kan være ein artist, en bookingagent eller ein manager osv. Dette innslaget har som formål å gje ungdommane råd og vink om kva som er lurt å gjøre for å komme vidare med musikkarrieren.

Det første arrangementet vil bli avvikla ein laurdag i perioden september/oktober. Vi har innleia eit samarbeid med musikkskulen i Sund, Øygarden og Fjell kommune, samt kulturavdelingane i alle kommunar for å finne band og artistar som kan være interessert i å delta. Vi samarbeider vidare med Sund Rock Club for å ta del i planlegging av avvikling av arrangementet.

Sjølve arrangementet skal finne stad laurdag i perioden september/oktober 2015. Periferi Produksjoner AS stiller med produsent for arrangementet saman med medlemmer fra Sund Rock Club. Arrangementet startar kl 12:00 og varer til kl 23:30.

Målgruppe: Ungdom mellom 12 og 18 år frå region vest.

## **Programmering**

Det er mange band/artistar som er i oppbyggingsfasen og det er utfordrande å finne band tidleg i kariera som har eigenart, meistrar liveformatet og passer profilen til festivalen.

Periferifestivalen samarbeider med Sund Rock Club og MOT i programmeringa for å sikre at ein til ein kvar tid har oversikt over kva som beveger seg i og utanfor øvingsromma. Dette er også ein del av det heilårleg arbeidet. På sikt ynskjer ein å involvere ungdom under vegleiing, i programmeringsarbeidet.

Programynskjer for 2015:  
2 band frå region vest/Bergen/Hordaland  
Razika  
Honningbarna

Tidlegare programmering:  
Hvitmalt Gjerde  
3 times the Charm  
Black Rose  
Standing Still  
Yuma Sum

## **Organisering**

Periferi Ung vert leia av profesjonell arranger knyt til festivalen sin fast stab i samarbeid med unge I Region Vest. På denne måten vert arrangørkompetanse overført til unge i regionen.